

Sak til samarbeidsutvala

Går til: Medlemmane i Samarbeidsutvalet for Nordhordland
Dato: 19. februar 2020
Sakshandsamar: Samarbeidssekretariatet (SSE)
Saka gjeld: Felles utviklingsplan – planlegging av arbeidet
Saksnummer: 07/20

Bakgrunn

Samarbeidsutvala har vedteke at det skal utarbeidast ein felles utviklingsplan for samarbeid og samhandling. Utviklingsplanen skal ta utgangspunkt i eit oppdatert kunnskapsgrunnlag og utfordringsbilete, og gje retning for det vidare arbeidet med å utvikle meir heilskapleg og koordinerte helsetenester i regionen.

Planarbeidet skal gjennomførast på ein måte som sikrar god brukarinvolvering og brei involvering og forankring i både kommunar, spesialisthelsetenesta og andre relevante offentlege og private/ideelle aktørar.

Målet er at felles utviklingsplan skal leverast til endeleg handsaming i samarbeidsutvala i desember 2020, og signerast på Toppleiarmøtet 2021.

Organisering av arbeidet

Det er nedsett ein programkomité (administrativt kontaktmøte, samarbeidssekretariatet og ein brukarrepresentant) med ansvar for prosjektet. I tillegg er det lyst ut ein stilling som prosjektleiar (50% ressurs over eitt år) med ekstern finansiering. Arbeidet med felles utviklingsplan startar når prosjektleiar er på plass. Prosjektleiar skal i samarbeid med SSE gjennomføre ei interessentanalyse og foreslå ein planprosess som sikrar brei involvering og forankring. Programkomitéen er ansvarleg for å godkjenne framlegget til planprosess.

Tilråding frå programkomiteen

For å nå overordna målsetjing om å levere felles utviklingsplan til endeleg handsaming i desember 2020 er det viktig at samarbeidsutvala allereie no set av tid i komande år til felles utviklingsplan. Programkomiteen tilrår at:

- 1) det ver sett av minimum 30 min på møta i samarbeidsutvala i mai, september og desember til felles utviklingsplan. Samarbeidsutvala må sjølv vurdere om det er behov for å utvida tidsramma for oppsette møter.
- 2) det vert gjennomført eit fellesmøte for alle samarbeidsutvala i xx august 2020.

Programkomiteen ber samstundes samarbeidsutvala kome med innspel til planprosessen og melde ev. behov for deltaking og forankring utover pkt. 1 og 2.

Forslag til vedtak:

Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til samarbeidssekretariatet si tilråding i saka, og melder inn følgjande innspel til planprosessen.